



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 7f901844-a26b-41a0-894c-0200c60feef5

Vår: 23/48 - 23/6415

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

24.01.2023

Uttale - gbnr 85/3 Kvalvåg

Tiltak: Riving og oppføring av nytt våningshus
Byggjestad: Gbnr: 85/3
Tiltakshavar: Vidar Dyrøy Andreassen
Ansvarleg søkjar: Sprengingsservice Vidar Dyrøy Andreassen

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande våningshus frå ca. 1910? med adresse Osnesvegen 11, og oppføring av ny einebustad på same grunnflate som det opphavelge.

Våningshuset som skal rivast (114m²) har store råteskader, og har delvis kollapsa. Den gamle bygnaden har bygningsnr. 176226323, og er i planregisteret ikkje Sefrak registrert.

Det nye våningshuset på to etasjar har BYA på 135m². Parkeringsareal er oppgitt til 50 m², til saman totalt 185 m² BYA. Det er satt av om lag 350 m² til utomhusareal. Berekna areal på eigdommen er 314357 m². Ny utnyttingsgrad er oppgitt til 0,2 % BYA.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen merknader på at det vert gitt løyve til å rive eksisterande våningshus for oppføring av nytt.

Dispensasjon frå byggegrense mot veg:

Det må innhentast dispensasjon frå byggegrense mot veg for nytt våningshus (jf. veglova § 29). Søknadsskjema finn ein på kommunen sin heimeside:

www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/byggjegrense-til-offentleg-veg/

Med søknad skal det sendast inn eit brev der ein skildrar tiltaket, altså det ein skal byggje eller endre. Det skal også leggest ved situasjonsplan (VA-kart) som viser tiltaket med målsett avstand til midt kommunal veg.

Søknad skal stilast til Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning.

Avkøyrslø:

Slik vi forstår teikningar vedlagt uttale gjeld dette etablering av ei ny avkøyrslø, der den gamle avkøyrslø skal stengast. Det må sendast inn søknad om løyve til å flytte eksisterande avkøyrslø frå kommunal veg. I søknad må det komme frem at søknad gjeld for begge bustadene på eigdommen. Ny avkøyrslø vil være ny tilkomstveg til både Onesvegen 9 og Onesvegen 11.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søknadsskjema finn ein på kommunen sin heimeside:

www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-fra-kommunal-veg/

under fane slik søker du.

Kommunen nyttar felles skjema med Statens vegvesen. Ved å logge inn på «din side» hos vegvesenet vil ein få tilgang til skjema.

Med søknad skal det leggst ved vegprofil og lengdesnitt som visar stigningsforhold i avkøyrsløse og avkøyrsløsevegen. Det må også leggst ved situasjonsplan som viser avkøyrsløse med målsett svingradius og siktzone. På situasjonsplanen skal ein også teikne inn parkeringsplassar for begge bygga, samt snu areal på eigen grunn.

Tilknytning offentleg vatn:

Det er komme inn rørleggarmelding på utvendig arbeid. Vi har meldt tilbake at denne vert handsama når rørleggarmelding for innvending arbeid er motteke og det ligg føre utsleppsløyve frå minirensanlegg for nytt våningshus.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG